

Ny utviding på Pers:

Tropicana som Syden-alternativ

Pers Hotell har no opna ei ny avdeling i tilknytning til Tropicana-anlegget. Romana er namnet, og det heile er basert på romersk-inspirerte badetradisjonar. Her finst gloheite dampbad, små sildrande basseng berre til pryding, badstove, kvileavdeling, boblebad og is-basseng. Det heile er bygd i lyse og mørke marmor-fliser, med kunstig stjernehimmel og klassiske romersk-inspirerte statuer som dekor. Den nye avdelinga vil vera open for Tropicana-gjester på dagtid, men skal også leigast ut til private selskap, arrangement og liknande.

Av MAY GRETHE LERUM



Mekkel og Arve Rustberggard lovar velgjerande varme og kalde opplevingar i den nye bade-avdelinga på Tropicana.

- Med denne investeringa til to millionar er Tropicana-utbygginga innandørs ferdig. No har vi til saman 2200 kvm. badeland å tilby, opplyser Mekkel Rustberggard ved Pers Hotell. Pers hotell har i det siste profi-

lert seg som eit alternativ til Syden-reiser.

- Vi veit at anlegget ikkje heilt tilsvare ein slik tur, men når folk må tenke pris, kan det vera eit bra alternativ, meiner

Rustberggard. Han fortel at Pers-gruppa sine turistbedrifter har opplevd ein del avbestillingar i vinter, grunna snøangelen. Likevel har nok Tropicana-anlegget redde se-

songen for sjøve hotellet i Gol. Det finst ikkje maken til anlegg i Norge, kanskje heller ikkje i nabolanda.